NOR1212 – Sidemålseksamen

Del A – Kortsvarsoppgåve

Frå ungdommen

Utdraget «Resteplassen» er henta frå tv-serien *VGS,* mens utdraget «19 – sesong 3» er henta frå tv-serien med same namn, begge gjeve ut av NRK. Begge seriane portretterer ungdom som nyttar talemålsvariantar som kan seiast å vere typiske for språkutviklinga blant unge i dag.

I tv-serien *Resteplassen* nyttar karakteren Cassy seg av både låneord, men også heile setningar på engelsk. «Hedda er liksom the boss på deres buss», seier ho. Dette er eit døme på bruk av innhaldsord frå engelsk som blir kombinerte med norske funksjonsord, som er eit av trekka på kordan engelsk er med på å drive språkutviklinga i Noreg i dag. Fleire stader vekslar ho også heilt over til engelske setningar innimellom dei norske: «You are literally a babe. Hvis ikke Josef ser det jeg ser, har han øyne i ræva.» Det kan også vere verdt å merke seg bruken av hyperbol, som er nok eit trekk som er typisk for dei unge: «For det er han Hedda og Vikky dør for.», seier ho.

I utdraget frå *19* ser vi døme på multietnolekt, som oppstår når innvandrarar blandar trekk frå morsmåla sine inn i norsk. Vi finn bruk av spesielle ord, som i setninga «Og du, wallah, du har blitt gora, mann!». Her er «wallah» og «gora» eit klart kjenneteikn på multietnolekt. Eit anna kjenneteikn er spesiell syntaks, til dømes når den eine guten seier: «Lowkey, jeg gjorde det.». På «vanleg» norsk ville ein kunne forvente syntaksen «Det gjorde eg» i denne setninga.

Som konklusjon kan ein kanskje seie at vi i utdraga finn nokre av dei mest sentrale kjenneteikna på språkutviklinga i Noreg i dag, i form av påverknad frå engelsk, og multietnolekt.

Litteratur:

NRK.no: «Resteplassen». Utdrag frå episode 1, sesong 1 i TV-serien *VGS*, NRK.no https://tv.nrk.no/serie/vgs/sesong/1/episode/2/avspiller (04.10.2023)

NRK.no: Utdrag frå episode 2, sesong 3 i tv-serien *19*, NRK.no 19 – Sesong 3 – NRK TV (04.10.2023)

Del B – Langsvarsoppgåve

Oppgåve 1

Elena si veg ut av elenda

Fattigdomsproblematikk, og især barnefattigdom, har vore eit tilbakevendande tema i litteraturen sidan naturalismen seint på 1800-talet. Amalie Skram si novelle «Karens jul» (Skram 1885) er eit velkjend døme på dette. I «Elena og Sofie» (Lavik 2021), ein sakprosatekst skriven av Maria Lavik, finn vi eit meir moderne verk med fleire liknament med «Karens jul», men kanskje også nokre vesentlege forskjellar.

Innhaldsmessig er motivet i «Karens jul» at vi møter ei fattig jente, Karen, med eit nyfødt barn. Ho overnattar ulagleg i eit skur nede på hamna. Her blir ho oppdaga av ein politimann som først vil kasta henne ut, men som etter kvart lar ho få lov til å bli. Nokre dagar seinare går politimannen igjen forbi skuret, og finn Karen og barnet ihelfrosne. Utdraget vårt finn sted idet Karen forsøker å overtale politimannen til å la ho få bli verande i skuret nokre dagar inn mot jul.

Skram tematiserer som nemnt fattigdommen og elendet som prega delar av dei lave sosiale laga, særleg i byane, i Skram si samtid. I tråd med naturalismen si ånd kan dette neppe seiast å vere tendenslitteratur, altså litteratur der forfattaren har eit klart bodskap. Snarare kan ein ane eit pessimistisk menneskesyn, der Karen si skjebne allereie er forsegla. Trua på determinismen er eit typisk kjenneteikn på naturalistiske tekstar.

Når det gjeld form, er kanskje det mest iaugefallande trekket frå utdraget at Skram nyttar seg meir eller mindre utelukkande av dialog for å drive handlinga framover. Vidare har dialogen eit klart preg av sosiolekt, til dømes seier Karen: «Det var henne je tjente hos. – Je hadde slik pen kondisjon med 4 kroner mån'en og frukost, men så kom je i uløkka, og så måtte je jo vekk, forstås.» Eit mål for naturalistane var å skildre verda på ein realistisk og «vitskapeleg» måte. Derfor finn vi dette nye og uvanlege trekket, på slutten av 1800-talet, med at dei fattige i litteraturen snakkar slik som dei faktisk brukte å snakke på den tida.

Motivet i «Elena og Sofie» er at den personale forteljaren, som det verker rimeleg å seie at – gitt at teksten er sakprosa – er forfattarinna sjølv, står i kø saman med Elena føre Fattighuset på Grønland i Oslo. Elena har ei dotter på seks år, og vi får sjå at Elena brukar mykje av tida si på å sørge for at dottera Sofie skal få ei normal jul, og ikkje merke at dei er fattige. Vi får fleire døme på dette, som at Elena har ein tung vaskejobb, i tillegg til at ho har kartlagt fleire moglegheiter til å få hjelp frå velgjerande organisasjonar. Temaet ser også her ut til å vere fattigdom, og korleis ein kan takle dette.

Motivet har klare liknament med det vi finn i «Karens jul»: Vi følgjer i begge tekstane ei fattig mor, med eit lite barn, i juletida. Men Skram si Karen held seg i stor grad passiv, og vil ikkje oppsøke hjelp frå andre: «Nei, det gjør je inte,», seier Karen til politimannen sin oppmoding om å gå til Mangelsgården. Her finn vi att naturalistane sitt deterministiske syn på mennesket og naturen: Karen har i realiteten ikkje noko fri vilje. Ei mogleg tolking kan her likevel kanskje også vere at Karen er redd for kva som kan skje på Mangelsgården, og at det er frykta for å miste barnet som gjer at ho vel det kjente, men passive: å bli verande. Elena derimot, synest å gjere alt i si makt for å bøte på si eiga og dottera sin situasjon. «Elena er blitt ekspert på å vera fattig. Ho veit tid og stad for dei ulike matutdelingane i byen. Ofte går ho innom ei utdeling på veg heim frå vaskejobben.», skriv Lavik. Kontrasten til Karen er påfallande, og gjer at mange nok vil føle ein viss optimisme på Elena sine vegne, mens Karen framstår som meir stakkarsleg. Trua på at det er mogleg å ta eigne val for å kome seg ut av fattigdom, eller i det minste gjere livet betre, er noko som vi neppe vil finne i ein naturalistisk tekst. I vår eiga tid, derimot, er det neppe ei overdriving å seie at mange verdsett det å ta tak i sin eigen situasjon, og samstundes bevare stoltheita si, som gode verdiar. Mot slutten av teksten står det: «Alt var så ordentleg: ein pianist som spelte, og ei fin preike frå presten. Han snakka om einsemd i jula. Elena hugsar kor rørt ho blei.» Det verkar rimeleg å tenkje at Elena har støtt på tøffe tider, og stundom hatt det vanskeleg mentalt, men at ho ser ut til å ha overvunne dette, og nå står med rak rygg.

Kva gjeld forma er det verdt å merke seg at trass i at «Elena og Sofie» er sakprosa, så er det skrive på ei form, og med bruk av fleire verkemiddel, som gjer det mogleg å forveksle teksten med ei realistisk skriven novelle. Til dømes er det nytta ein personal forteljartype, noko som gjer at vi kjem svært nærma teksten. Vidare inneheld språket fleire adjektiv og adverb enn vi kanskje forventar i sakprosa. «Midt blant oss ruvar ein mann i rosa vest. Det er han som er

sjefen i dag. Han jobbar som frivillig for Fattighuset og snakkar med myndig røyst til dei som prøver å snika i køen.», står det. Det ville vere mogleg å beskrive dette meir distansert, men det at mannen ruvar i rosa vest, og har ei myndig røyst, gjer at vi blir dregne inn i teksta. Kan hende skaper dette sympati for Elena, og gjer lesarane meir investerte i teksten.

Det poetiske språket i «Elena og Sofie» fortsett: «Om to dagar er det den mørkaste dagen i året. Den sure nullgradarslufta trenger seg inn under jakka og gjev ikkje mykje til julestemning. Det er ingen snø til å lysa opp den gråsvarte asfalten eller dei nakne trea.». Lavik nyttar her fleire ord med negative konnotasjonar, som «mørkaste dagen», «gråsvart asfalt» og dei «nakne trea». Dette beskriv omgivnadene deira, men det ser ut som Lavik med dette også antydar at jula er ei mørk tid for mange fattige. Elena sitt vesen står som ein kontrast til dette, og sjølv om dette kan tolkast på fleire måtar, kan nok mange få eit inntrykk av at Elena sin kamp mot fattigdomen kanskje kan ende godt.

Til tross for klare tematiske liknament i dei to utdraga, står Karen og Elena fram som to ulike individ, som begge kan seiast å vere produkt av si eiga samtid. Karen blir framstilt som passiv, som om vala ho måtte ta ikkje vil kunne endre skjebnen hennar. Dette kan seiast å vere i tråd med naturalismen sitt syn på determinisme og mangelen på fri vilje. Elena vil derimot forme sin eigen lagnad, og lagnaden til dottera si. Lavik etterlet grunn til forsiktig optimisme i teksten om Elena, noko det kanskje er naturleg å gjere i ein sakprosabok om barnefattigdom gjeve ut i 2021.

Litteratur:

Lavik, Maria. «Elena og Sofie». *Vi, dei fattige: åtte forteljingar om barnefattigdom.* Oslo. Samlaget, 2021.

Skram, Amalie. «Karens jul», utdrag. Først publisert i julenummeret av den danske avisa *Politiken* i 1885. Språkleg modernisert og tilrettelagd.